

NVIM

NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM



ÅRSMELDING
med årsrekneskap
2008

FRAMSIDEBILETET:

Premie frå NVE i samband med Vassdragsdagane 2008:

Tur til Tyssedal

Nygård skole frå Bergen vann.

Om Nygård skole (frå nettsidene til Bergen kommune):

Nygård skole er en av landets største skoler. Størsteparten av elevene er minoritetsspråklige. Skolen har tre avdelinger; Grunnskole 1.-10.klasse, Grunnskole for voksne og Norskopplæring for voksne.

1.4. Styret i 2008

1. Organisasjon og styre

1.1. Organisasjonsform

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum er ei privat stifting med egne vedtekter og eige styre. Hovudkontoret ligg i Naustbakken 7, Tyssedal. NVIM eig i dag 4 bygg: Folgefonngata 9 med uthus, Laboratoriet på Odda Smelteverk og Tveitabrotet 1 i Tyssedal. Museet leiger ei rekkje bygg/anlegg: Deler av Tysso I kraftanlegg Naustbakken 3 og 7, Skjeggedalsvegen 1C og deler av Fellesbakeriet i Tyssedal. I Odda sentrum leiger vi søndre portalbygg på smelteverkstomta. Vi forvaltar Folgefonngata 11 og 13 med uthus på vegne av Odda kommune.

1.2. Føremålsparagraf

Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forskning og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden.

Det er eit overordna mål å syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur. Museet skal vekkja interesse for og samla materiale om vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet: Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig, gjennom formidling og undervisning, mellom anna knytt til museumsanlegget i Folgefonngata.

Museet har som mål å bli eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskraftshistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet har og som mål å bevare, forvalta og formidla kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg (Tysso I).

1.3. Stiftarar

Odda Kommune, Odda Smelteverk AS (nedlagd 2003), Norzink AS (no: Boliden Odda AS), KS Ilmenittsmelteverket (no: Tinfos Titan og Iron K/S), AS Tyssefaldene, Odda og omland faglige samorganisasjon (no: LO i Odda og Omland), BKK, Bjølvefossen ASA, DNN Industrier, E-CO vannkraft AS, Eidfjord kommune, Norsk elektriker- og kraftstasjonsforbund (no: EL & it forbundet), Energibedriftenes Landsforening (EBL), E-verkenes fagforening, Vestlandet, Haugaland Kraft, Hardanger og Voss regionråd, Herdlandsfoss Kraftverk, Hydro Energi Røldal-Suldal, Indre Hardanger Kraftlag, Kvinnherad Energi, Lederne, LO Noreg, NIVA, NHO-Hordaland, Norsk Arbeidsmannsforbund, Norges vassdrag og energidirektorat (NVE), Norsk kjemisk industriarbeiderforbund (no: Fagforbundet for industri og energi), NITO, Norske Sivilingeniørers Foreining (no: Tekna), Odda Energi, Prosessindustriens landsforening (no: Norsk Industri), Statkraft, Sunnhordland Kraftlag, Ullensvang herad.

Vedtektene opnar for innlemming av nye stiftarar.

	Styremedlemmer:	Vara-medlemmer:
Hordaland Fylkeskommune	Oddvar J. Jensen, styreleiar	Vidar Våde
Odda kommune	Toralv Mikkelsen, nestleiar	Bjørn Vivelid
Statkraft SF	Magne Leikvoll	Bjørnar Olsen
Museumslaget	Halvor Johan Bådsvik	Geir I. Engesæther
Norsk Industri	Finn Langeland	
LO i Odda og omland	Rolf B. Sivertsen	Per Steinar Nilsen
Dei tilsette	Elisabeth Bjørsvik	Brita Jordal

OBSERVATØR

Noregs vassdrags- og energidirektorat	Ole Per Schei	Gunnstein Brakestad
---------------------------------------	---------------	---------------------

Styret hadde 4 styremøte i 2008 og handsama 71 saker. Kvinnerepresentasjonen i styret er 14,3% med varamedlemmer 15,3%.



Frå styremøtet 16.6.2008 f.v. nestleiar Toralv Mikkelsen, styreleiar Oddvar Johan Jensen og styremedlem Magne Leikvoll frå Statkraft.

1.5. Økonomi

Det føreligg føresetnad om framleis drift, og årsrekneskapen for 2008 er sett opp under denne føresetnad. Revisor er Eirik Lothe.

NVIM mottek faste driftstilskot frå: Kultur og Kyrkjedepartementet, Hordaland fylkeskommune, Odda kommune, Riksantikvaren, Norges vassdrags- og energidirektorat og AS Tyssefaldene.

2. Personale

Ved NVIM vart det i 2008 utført 18 årsverk. I tillegg kjem 8 tiltaksplassar på senteret for arbeidspraksis i skjerma verksemd (APS). Her er det stipulert frivillig innsats tilsvarande 0,5 årsverk.

NVIM hadde ved utgangen av 2008 14,5 faste stillingar:

Administrasjon	4 stillingar
Arbeidspraksis i skjerma verksemd (APS)	1 stilling
Avdeling for innsamling, dokumentasjon og	3,5 stillingar
Avdeling for formidling	2 stillingar
Avdeling for bygg- og anlegg	4 stillingar

Det var fleire fast tilsette i permisjon/reduuerte stillingar. Grunna museet si økonomiske stode er fleire av desse ikkje erstatta med vikar. Det vart utført 12,45 årsverk i faste stillingar ved NVIM i 2008.



I 2008 vart vi nok ein gong frakta med båt mellom Odda og Tyssedal. 20. oktober gjekk det eit stort steinras på Tyssedalsvegen.

2.1. Engasjement, korttidstilsette og sysselsette

Engasjement, korttidstilsette og sysselsette utførde i 2008 5,6 årsverk og vart dekkja av i alt 22 personar.

2.2. APS –senteret

Senteret hadde i 2008 åtte plassar. Dagleg leiar er fast tilsett ved NVIM. Tiltakssenteret tilbyr varierte oppgåver, tilpassa den enkelte. Arbeidet ved senteret er ei blanding av støttefunksjonar for museet og oppdrag for eksterne og interne bidragsytarar. APS senteret held til i Skjeggedalveien 1C i Tyssedal. APS hadde betydelege eigeninntekter. Dette gjennom stell av grøntareal, sal av ved, ryddeoppdrag, skogrydding, oppussingsprosjekt, med meir. Ei hovudoppgåve har vore å rydde elveleiet til Tyssø for Statkraft.

2.3. Likestilling

NVIM arbeider for likestilling mellom kjønna; organisatorisk, lønsmessig og sosialt. Fordelinga av menn og kvinner blant dei fast tilsette er ca. 50% av kvart kjønn. Leiargruppa består av tre kvinner og avdelingsleiarane er ei kvinne og tre menn.

2.4. Helse, miljø og tryggleik

Fråversstatistikk: NVIM hadde eit ordinært sjukefråvær på nær 7%, ei auke frå 2006 på nesten 5%. NVIM hadde eit langtids-sjukefråvær i 2008 på nær 6%. Dette høge talet skuldast planlagd langtidssjukemelding grunna operasjon, sjukemelding i samband med graviditet og annan alvorleg, men ikkje arbeidsmiljørelatert sjukemelding. Korttids-sjukefråveret er på under 1%. Vi hadde ikkje arbeidsulukker. NVIM er medlem av Odda bedriftshelseteneste.

Verksemda forureina ikkje det ytre miljø i 2008.

3. Teknisk Industrielt Kulturminnevern

Dette er eit hovudtema for Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum og vi har dei siste åra bygd opp kompetanse som er lagt merke til og etterspurd nasjonalt og internasjonalt. Dette har ført til at vi i 2008 har auka vårt engasjement innan dette feltet.

3.1. TICCIH

NVIM er sekretariat for vasskraft og kraftkrevjande industri i Ticcih (The International Committee for the Conservation of the Industrial Heritage).

Vi har levert og fått godkjent sesjonsforslag til Ticcih-konferansen i Freiberg i 2009. Forslaget omfattar fire presentasjonar der to er om vasskraftanlegg som kulturminne knytt opp mot metode og klassifisering. I dette arbeidet er NVE trekt aktivt inn som bidragsytarane. Vi har også sett oss inn i eldre litteratur om vasskraftverk internasjonalt frå byrjinga av 1900-tallet. Vi har søkt om ekstern finansiering frå bransjen og ulike offentlege aktørar. Vi har vidare avklart med Ticcih at museet skal arrangere ein konferanse i 2010. Randi Bårtvedt, Eirik Øgaard og Elisabeth Bjørsvik var i juni 2008 deltakarar ved Ticcih sitt styremøte i Stockholm. Der orienterte vi om NVIM sitt arbeid som sekretariat for ny seksjon i Ticcih knytt til vasskraft og kraftkrevjande industri.

3.2. Oddaprosessen.no

NVIM er partnar med Odda kommune i "oddaprosessen.no", eit av 11 nasjonale pilotprosjekt i Riksantikvaren/Miljøverndepartementet sitt program "Kulturminne og verdiskaping". I Odda er smelteverksområdet og byutvikling sentralt, og reiselivsutvikling med kulturarv og historie som ressurs.

Prosjektet ”Reiseliv i Industriens vugge” i regi av Kommunenes Sentralforbund, LO o.a. hadde samling i Odda i september. NVIM var, som partner, aktiv deltakar i samlinga og skaffa mellom anna Wolfgang Ebert som føredragshaldar. Tyssedal er godkjent som ankerpunkt for European Routes of Industrial Heritage (www.erih.ne). Reiselivs-kompetansen til NVIM innan industriturisme er lagt merke til og etterspurd. Vi deltok i prosessen for å utforma fylkesplan for reiseliv. Som medlem i reiselivslaget ”Fossenes dal”, har vi samarbeidd om marknadsføring og produktutvikling.



I samband med delprosjekt: Kompetansesenter for restaurering av teknisk industrielle kulturminne arrangerte NVIM studietur til Ruhr området, Tyskland for tilsette ved NVIM og lokale firma med erfaring frå restaurering av Tyssø I.

Delprosjekt i Oddaprosessen NVIM har hovudansvaret for:

Odda Vitensenter:

Prosjektleiari var frå mai - september 2008 tilbake som formidlingsleiari ved museet i 100% stilling. Difor har aktiviteten i vitensenterprosjektet vore varierende.

Det var svært gledeleg at prosjektet fekk kr. 500.000,- til ”utvikling av vitensenter på smelteverkstomta” frå Visjon vest – Allmenntilgjengelege midlar frå Sparebanken Vest.

Toralv Mikkelsen er blitt leiari for styringsgruppa. Frå oktober var prosjektet i gang med prosjektleiari i 60% stilling.

Kart- og Teikningsarkiv

Kart- og teikningsarkivet til Odda smelteverk er sers verdfullt. Odda kommune skal forvalte det for ettertida, samt gjere naudsynt materiale tilgjengeleg for verksemdar som kjøper eigedomar på Smelteverkstomta. Til å utføre arbeidet har Odda kommune oppretta samarbeid med NVIM for å sikre arkivfagleg kompetanse. Arbeidet er organisert som eit delprosjekt i Oddaprosessen.no. Det

er i 2008 digitalisert ei rekkje viktige teikningar frå denne samlinga.

Kompetansesenter for restaurering av teknisk industrielle kulturminne

NVIM har vore engasjert i restaurering av Lindehuset og Containerverkstaden på smelteverkstomta. Terje Kollbotn er prosjektleiari for oppbygging av nasjonalt kompetansesenter for dokumentasjon og restaurering av industribygg. Prosjektet inngår som delprosjekt i oddaprosessen.no. Eit høgdepunkt var studietur til Ruhr saman med firma som har arbeidd med restaurering av Tyssø I.

3.3. UNESCO

NVIM har deltatt i nettverksbygging og som pådrivar i fagmiljø for å få styrka Odda-Tyssedal-Rjukan som kandidat til norsk tentativ liste UNESCO. NVIM var i mars vertskap for rådgjevar Stuart Smith. Han var i Noreg for å halda foredrag ved årsmøtet til ICOMOS Norge der direktør Randi Bårtvedt er nestleiari i styret.

3.4. Prosjekt:

Bjølvo

På vegne av Kvam herad utarbeidd NVIM våren 2008 tilstandsvurdering av Bjølvo kraftstasjon i Ålvik.

Glomfjord

NVIM gjennomførte i 2008, på oppdrag frå Statkraft og i samråd med Riksantikvaren eit dokumentasjonsprosjekt ved Glomfjord kraftverk i Meløy kommune i Nordland. Prosjektet bygde på eit rikhaldig historisk materiale,



gjennomgang av kart- og teikningsarkiv, foto- og videodokumentasjon og intervju.

4. Besøk

Vi hadde ei auke i besøkstalet i 2008. Største auka var i mai og skuldast arrangement i samband med feiring av 100 år med industri i Odda og Hardanger Musikkfest i pinsen. Vi laga mellom anna spesialopplegg for Statoil Hydro som vi gjennomførte for tre ulike grupper.

4.1. Pedagogiske tiltak

Undervisningsopplegga til NVIM er godt etablert i skulane i Odda. Vi har følgjande tilbod:

3. klasse: Kunst og eventyr på Tyssedal hotell og i Naustbakken 3
7. klasse: "Kraft i kvar dråpe" og aktivitet i Tyssø III miniputtkraftverk
8. klasse: "Odda by er lagt" i Folgefonngata, vår og haust
9. klasse: "Røyrgatelangs – på jakt etter vatnet" på Lilletopp

	Tyssedal		Folgefonngata		Andre	Total	
	2007	2008	2007	2008	2008	2007	2008
Januar	52	272	13	0	0	65	272
Februar	47	278	13	0	0	60	278
Mars	47	179	6	0	0	53	179
April	109	373		176	158	109	707
Mai	1 305	1 271	45	95	983	1 350	2 349
Juni	797	1 428	48	91	49	845	1 568
Juli	1 127	1 356	81	102	121	1 208	1 579
August	1 467	1 185		0	0	1 467	1 185
September	1 001	728	7	19	211	1 538	958
Oktober	362	210	61	96	33	423	339
November	523	181	209	168	15	732	364
Desember	158	505		0	43	158	548
Sum	6 995	7 843	470	747	1 613	8 008	10 326

Vardafjell vidaregåande skole i Haugesund kom også i år til Tyssedal med alle 1. klassane. Dei fekk: "Industristaden si utvikling frå 1900 til i dag – Befolkningsutvikling, lokaliseringsfaktorar og miljøkonsekvensar". Vidare har vi hatt besøk av: Klassar frå Odda vidaregåande skule med ulike spesialopplegg, Hauso ungdomskule og Vikebygd skule frå Ullensvang var på Vitensenteret og Edland skule i Telemark fekk ordinært museumsbesøk. Vi har også hatt opplegg for Eitheimsvågen barnehage og Tyssedal barnehage.

4.2. Arrangement:

- Seminar:**
- Arkivkurs i regi av Fylkesarkivet i Tyssø I
 - Tyssø I i 100 år – 100 år med industri i Odda – v/ Terje Kollbotn
 - Tyssø II kveld
 - Markering av NVIM sitt 20 års jubileum – mottaking og presentasjonar
- Utstillingar:**
- Tyssø I: Sommarutstilling "Craft" med Dag Kenneth Sørensen, keramikar
 - "Koke elektrisk – smile meir" – utstilling med elektriske gjenstandar i Folgefonngata
 - Bannerutstilling: "Vannets ville hestekrefter temmes" – samarbeid med NVEs museumsordning
- Konsertar:**
- Gitarkonsert i Tyssø I – samarbeid med Musikkens venner
 - "Music in ceramics" – konsert på keramiske instrumenter i Tyssø I
 - Hardanger Musikkfest: Konsert i Tyssø I med Ole Edvard Antonsen og Oslo musikkhøgskoles kammerorkester
 - Hardanger Musikkfest: "I Rallarens fotspor" Åse Kleiveland, Lars Kleivstrand, Helge Jordal på Lilletopp
 - "Spem in Alium" – korverk for 8 kor – framført i Tyssø I
 - Casio Kids – Konsert i Tyssø I
 - Julekonsert i Tyssø I med Tyssedal-koret
- Andre arr.:**
- Føremiddagssending i NRK Hordaland i samband med jubileumsmarkeringa i Odda
 - Medarrangør i samband med premieren på Arvid Aga sin film om Odda smelteverk på Odda kino
 - Vi har hatt to opne dagar på Odda Vitensenter – den eine med vitenshow frå Vil Vite i Bergen.
 - Hagedag i Folgefonngata i samarbeid med Odda Hagelag og Museumslaget
 - Inspirasjonskveld: "Vern gjennom ny bruk.", Statkraftstova – oppsummering av studietur til Ruhr.
 - Inspirasjonsdag – Byfornyng, Odda i Søndre portalbygg på Odda Smelteverk m.m.
 - Andy Smith: "Innvandrar" – Ein manns performance for å markere Mangfaldsåret.
 - "Kraftreisen" – to dagars tur Stavanger-Suldal-Sauda-Tyssedal-Kvinnherad i samarbeid med NVEs museumsordning
 - Juleverkstad i Folgefonngata – i regi av Museumslaget




Konsert: "Music in ceramics".



Utstillinga: "Koke elektrisk, smile mer" i arbeidarbustadane i Folgefonngata.



Morgan-besøk i Tyssedal.



Kunstutstilling: "Craft" i Tyssø I..

5. Fagleg verksemd i 2008

5.1. Bygningar og Anlegg

5.1.1. Tyssedal kraftanlegg

Riksantikvaren løyvde 2 060 000 til forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) av anlegget. I tillegg løyvde OED via NVE 740.000 til periodisk vedlikehald og deler av husleige. I høve til periodisk vedlikehald i 2008 er følgjande prioritert: puss- og malingsarbeid i kraftstasjonen som fylgje av fuktskadar på vest- og nordvegg, delvis utbetring av vindaug i nord, samt ny flislegging på mezzanin sør. Tysso fjernvarmeanlegg hadde ein netto vinst på ca. 1,4 mill. i 2008 samanlikna med tilsvarande elektrisk oppvarming.

5.1.2. Folgefonngata

Det vart utført utvendig maling av hovedhusa i Folgefonngata 9, 11 og 13. Hagen vart halden vedlike i samarbeid med APS.



Nymåla Folgefonngata 9. Hagen er open for publikum og ligg som ein grøn oase i Odda sentrum.

5.1.3. Statkraftstova

Tilsynsavtalen mellom NVIM og Statkraft vart gjennomgått og fornya til ut 2012.

5.1.4. Andre bygg

Det er utført pålagt branntetting og andre bygningsmessige utbetringar i Naustbakken 7.

5.2. Samlingane

Registreringsprogrammet Primus vart teke i bruk til registrering av foto og gjenstandar. Hovudlager for gjenstandar er etablert i Skjeggedalsvegen 1C i Tyssedal. Fotografering av gjenstandar er vidareført.

NVIM har bidrege med materiale til Arvid Aga sin film om Odda smelteverk og til boka om Folgefonnhalvøya.

I samband med innsamling av Tysso II-materiale er det gjennomført intervju, fotoregistrering og publisert artikkel i Liv og Rør.

Ein har gått over til digital klippesamling. Ein større del av biblioteket er etter kvart blitt registrert i Mikromarc.

6. Samarbeid med andre

NVIM er med i det nasjonale museumsnettverket, Samtidsnettverket og har delteke på to møte i nettverket. Museet er også del av Riksantikvaren sitt nettverk av 10 teknisk industrielle anlegg, også kalla Industrimusea sitt fellesråd.

Museumslaget til NVIM er viktige støttespelarar og stiller opp som hjelp ved arrangement.

6.1. NVEs museumsordning

NVIM er hovudsamarbeidspart i NVEs museumsordning saman med Norsk Skogmuseum. I samband med dette har vi i 2008 m.a. arbeidd med følgjande oppgåver:

”Vannets ville hestekrefter temmes” – ein bannerutstilling om tidleg norsk vasskraftshistorie. Utstillinga skal visast lokalt fram til hausten 2009. Då skal den på vandring.

”Kraftreisen” – ei to dagars reise i vasskraft: historie, moderne drift og utbygging, lokale konsekvensar, kulturminnevern, småkraftutbygging, etc. Turen starta i Stavanger og gjekk vidare til Suldal, Sauda, Tyssedal og enda opp i Rosendal.



På "Kraftreisen" vitja vi mellom anna kraftstasjonen "Sauda III".

www.vasskrafta.no – NVIM gjennomførte forprosjekt for å etablere ein nettstad om norsk vasskraftshistorie med ungdomsskule og vidaregåande skular som hovudmålgruppe.

7. Oppsummering

Aktiviteten i 2008 syner at NVIM sin kompetanse innan dokumentasjon og restaurering av teknisk industrielle kulturminne er etterspurd nasjonalt og internasjonalt. NVIM er av den grunn aktiv deltakar i TICCIH og i ICOMOS Noreg. Reiselivsbransjen inviterer museet med i møteverksemd og planlegging grunna vår kompetanse innan industriturisme. Mykje tid går med til denne delen av verksemda vår. NVIM er aktiv som formidlar av industrihistorie gjennom samarbeid med andre. Eit døme er 100 årsjubileet for industrisoga i Odda og Tyssedal med fleire arrangement. NVIM nyttar store ressursar for å sikra smelteverksindustrien si historie og har vore aktive med oppgåver knytt til bevaring ved Odda smelteverk. Vi har mellom anna deltatt i Stadanalysen DIVE og skrive fråsegner og levert foto- og kunnskapsmateriale. NVIM legg vinn på å vera ein dialoginstitusjon og har etter kvart etablert eit stort nettverk. Den utfordrande oppgåva i 2008 som tidlegare år, er at ansvarsområdet til NVIM er auka utan tilsvarande auke i dei faste driftstilskota frå kommune, fylkeskommune og stat. Vi bidrar sterkt til å ivareta viktige norske og internasjonale industriminne lokalisert i Odda og Tyssedal. Vi vonar at NVIM gjennom sitt arbeid i 2008 har styrka sjansane for auka midlar til museet og til denne sektoren.

Styret og administrasjonen takkar alle samarbeidspartar og støttespelarar i 2008.

Tyssedal, den 29. mai 2009

Oddvar Johan Jensen
Styreleiar

Toralf Mikkelsen
Nestleiar

Magne Leikvoll
Styremedlem

Halvor Johan Bådsvik
Styremedlem

Elisabeth Bjørsvik
Styremedlem

Finn Langeland
Styremedlem

Einar Steensnås
styremedlem

Rolf B. Sivertsen
styremedlem

Randi Bårtvedt, direktør

Hald deg orientert om kva som skjer på NVIM.

www.nvim.no

Årsregnskap 2008

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

	Noter	2008	2007
RESULTATREGNSKAP			
DRIFTSINNEKTER			
Salgs-og billettinntekter		2.216.790	1.004.082
Tilskudd Odda Kommune og andre	10	5.444.360	8.274.724
Offentlige tilskudd Stat og Fylke	10	6.951.069	5.052.291
Medlemskontingenter og gaver		577.148	575.269
Annen driftsinntekt		153.355	40.725
SUM DRIFTSINNEKTER		15.342.723	14.947.091
DRIFTSKOSTNADER			
Varekostnad		307.514	224.910
Lønnskostnad	11,12	8.356.719	7.613.568
Avskr. varige dr.midler	1	58.050	68.237
Kostnader lokaler		1.875.992	1.554.759
Honorarer	12	775.448	491.588
Telefon og porto		163.069	126.207
Kontorrekvisita og abonnement		125.655	157.983
Reiser og kilometergodtgjørelse		350.387	175.508
Reklame, annonser, representasjon		364.218	336.569
Utstillinger, formidling		128.968	88.838
Serviceavtaler, forsikringer		63.767	81.423
Vedlikehold bygninger og utstyr		1.322.966	3.222.875
Andre driftskostnader		477.445	277.999
Vedlikehold "Tysso"		1.206.957	928.727
SUM DRIFTSKOSTNADER		15.577.155	15.349.191
DRIFTSUNDERSKUDD		-234.433	-402.099
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER:			
Renteinntekt		198.063	142.330
Rentekostnad		-3.740	-13.304
RESULTAT AV FINANSPOSTER		194.323	129.026
ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		-40.109	-273.074
ORDINÆRT RESULTAT		-40.109	-273.074
EKSTRAORDINÆRE INNEKTER OG KOSTNADER			
RESULTAT AV EKSTRAORDINÆRE POSTER		0	0
ÅRETS UNDERSKUDD		-40.109	-273.074
OVERFØRINGER			
Avsatt til fond APS		284.814	294.484
Overført fra vedl.h.fond		-237.983	0
Overført fra annen egenkapital		-86.940	-567.558
SUM OVERFØRINGER		-40.109	-273.074

	Noter	2008	2007
BALANSE			
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
VARIGE DRIFTSMIDLER			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom		1 540.000	540.000
M/Y Tysso		1 589.725	589.725
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormask. ol.		1 160.307	218.357
SUM VARIGE DRIFTSMIDLER		1.290.032	1.348.082
FINANSIELLE ANLEGGSMIDLER			
Investeringer i aksjer og andeler	3	4.500	4.500
SUM FINANSIELLE ANLEGGSMIDLER		4.500	4.500
SUM ANLEGGSMIDLER		1.294.532	1.352.582
OMLØPSMIDLER			
VARER			
Varer	4	16.423	31.143
SUM VARER		16.423	31.143
FORDRINGER			
Kundefordringer		5 587.806	162.795
Andre fordringer	2,6	1.525.032	677.353
SUM FORDRINGER		2.112.838	840.148
BANKINNSKUDD, KONTANTER, OL.			
Bankinnskudd, kontanter og lignende	7	2.536.994	3.426.947
SUM BANKINNSKUDD, KONTANTER OG LIGNENDE		2.536.994	3.426.947
SUM OMLØPSMIDLER		4.666.255	4.298.238
SUM EIENDELER		5.960.787	5.650.820

	Noter	2008	2007
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
INNSKUTT EGENKAPITAL			
Stiftelseskapital	8	260.000	260.000
SUM INNSKUTT EGENKAPITAL		260.000	260.000
OPPTJENT EGENKAPITAL			
Annen egenkapital		635.414	960.338
Disposisjonsfond APS senter		763.010	478.196
SUM OPPTJENT EGENKAPITAL		1.398.424	1.438.534
SUM EGENKAPITAL	14	1.658.424	1.698.534
GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		898.170	829.999
Skyldige offentlige avgifter		595.172	381.600
Påløpt lønn, feriepengar ol.		788.418	692.084
Forskudd prosjekter	9	1.942.312	1.970.275
Annen kortsiktig gjeld	13	78.292	78.329
SUM KORTSIKTIG GJELD		4.302.363	3.952.286
SUM GJELD		4.302.363	3.952.286
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		5.960.787	5.650.820

Tyssedal, 29. mai 2009

Oddvar J Jensen
Styreleiar

Toralv Mikkelsen
Nestleiar

Magne Leikvoll
Styremedlem

Halvor J Bådsvik
Styremedlem

Elisabeth Bjørsvik
Styremedlem

Finn Langeland
Styremedlem

Einar Steensnæs
Styremedlem

Rolf B Sivertsen
Styremedlem

Randi Bårtvedt
Direktør

Regnskapsprinsipper og virkning av prinsippendringer

Institusjonen er en stiftelse og årsregnskapet er satt opp i samsvar med stiftelsesloven, regnskapsloven og god regnskaps-skikk for små foretak. Følgende regnskapsprinsipper er anvendt:

Driftsinntekter

Består hovedsakelig av tilskudd til prosjekter og inntektsføres når disse er mottatt og periodiseres etter ferdighetsgrad pr 31.12.08.

Omløpsmidler/Kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter balansedragen, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og antatt virkelig verdi.

Anleggsmidler/Langsiktig gjeld

Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Varige drifts-midler balanseføres og avskrives over driftsmidlets økonomiske levetid. Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som forventes ikke å være forbigående. Nedskrivningen reverseres når grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger er til stede.

Varer

Varer er vurdert til det laveste av gjennomsnittlig anskaffelseskost og netto salgsverdi.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

Pensjonsforpliktelser

Pensjonsordninger finansiert via sikrede ordninger er ikke balanseført. Pensjonspremien anses i disse tilfeller som pensjons-kostnad og klassifiseres sammen med lønnskostnader.

Skatt

Stiftelsen er ansett å være en skattefri institusjon, skatter er derfor ikke kostnadsført i regnskapet

Endring av regnskapsprinsipp

Det har ikke vært noen endring i regnskapsprinsipp.

Norsk Vasskraft og Industristadmuseum - noter til regnskapet 2008

Note 1 - Varige driftsmidler

	M/Y Tyssø	Maskiner, inventar	Eiendom	Sum
Anskaffelseskost 01.01	599.725	982.535	540.000	2.122.260
Tilgang 2008				
Avgang 2008				
Anskaffelseskost pr 31.12.	599.725	982.535		2.122.260
Akkumulert avskrivning 31.12	-10.000	-822.236		-832.228
Bokført verdi 31.12.	589.725	160.299	540.000	1.290.024
Årets avskrivninger	0	58.050		58.050
Avskrivningsats	0	15-25%		

MY Tyssø er under restaurering og vil bli gjort ferdig for drift i 2009. Det er derfor ikke foretatt avskrivninger for 2008 eller tidligere år.

Note 2 Fordringer og gjeld / pantstillelser og garantier

Fordringer og gjeld:

	2008
Fordringer med forfall senere enn ett år	0
Langsiktig gjeld med forfall etter 5 år	0

Note 3 Aksjer

Muséet eier 1 aksje pålydende kr. 2.000 i Reisemål Hardanger AS og en andel i Fossenes Dal. Aksjene og andelen er bokført til anskaffelseskost.

Note 4 Varelager

Varelager består av bøker for videresalg og kioskvareer vurdert til anskaffelseskost. Det er tatt hensyn til verdinedgang på eldre bøker enn 1 år.

Note 5 Kundefordringer

Kundefordringer er vurdert til pålydende etter avsetning til dekning av fremtidig tap på utestående fordringer med kr. 92.000.

Note 6 Andre kortsiktige fordringer

Andre kortsiktige fordringer består av periodisering av forskuddsbetalte kostnader og av opptjente, ikke mottatt inntekter.

Forskuddsbetalt forsikring	37.654
Forskudd lønn	5.160
Andre forskuddsbetalte kostnader	29.489
Krav på ubetalt tilskudd	701.979
Periodisering forskudd prosjekter	750.751
Sum fordringer	1.525.032

Norsk Vasskraft og Industristadmuseum - noter til regnskapet 2008

Pr 31.12.08 har muséet fått innvilget tilskudd øremerket bestemte prosjekter som ikke var fullført pr. 31.12.08. Krav på restutbetaling av tilskudd er periodisert som forskudd på de forskjellige prosjekter slik:

Prosjekt nr	Tekst	Forskudd
920	Skuleprosjekt Tyssedal Barneskule	30.408
930	Skjeggedalstova og Kvernhuset	30.454
1050	Vitensenteret	382.680
1140	Ticcih	168.800
1150	Mulighetsstudie ovner	84.112
1180	Digitalisering av kart og tegningsarkiv	23.046
1190	Fordums Kraft	31.250
Sum		750.750

Note 7 Bankinnskudd

Herav utgjør bundne skattetrekksmidler kr. 383.974

Note 8 Stiftelseskapital

Stiftelseskapitalen er kr. 260.000 pr. 31.12.08 og er uendret fra 2004.

Note 9 Periodisering av tilskudd til prosjekter

Pr 31.12.08 har muséet fått utbetalt tilskudd øremerket bestemte prosjekter som ikke var fullført pr. 31.12.08. Den ubenyttede delen av utbetalingene er ført i balansen som kortsiktig gjeld og fordeler seg slik:

300	Nye nettbasert for. tilb.	59.243
410	Fotoarkivprosjekt	57.874
450	Forprosjekt dokumentasjon Tysso	189.997
480	Fotoprojekt Holm/Kiberg	26.667
750	Kjøkken M/Y Tysso	26.697
780	M/Y Tysso	15.140
790	ABM i Partnerskap	267.920
910	Restaurering jernrekkverk og murer	57.486
1090	Periodisk vedlikehold Tyssedal Kraftstasjon	167.794
1060	Sluttrapport "Tysso I"	37.430
1070	Konflikttema	66.677
1120	Samlinger Odda Smelteverk	96.945
1130	Periodisk vedlikehold	80.717
1160	Kompetansesenteret	49.456
	Forskuddsbetaling prosjekt	742.269
Sum		1.942.312

Note 10 Offentlige tilskudd fra Stat, Fylke og Kommune

Herav utgjør:

Tekst	2007	2008
Tilskudd stat	5.603.000	5.714.000
Tilskudd Fylkeskommune	1.033.000	1.056.000
Kommunale tilskudd	1.161.000	1.161.000

Norsk Vasskraft og Industristadmuseum - noter til regnskapet 2008

Note 11 Pensjonsordninger

Museet har inngått en pensjonsavtale med sine ansatte gjennom Kommunal Landspensjonskasse. Det er meldt inn 25 medlemmer i ordningen. Ordningen er en ytelsesplan som finansieres med 2% trekk i lønn fra de ansatte og den resterende del av premien dekkes av museet.

Museet sin del av pensjonspremiekostnaden i regnskapet for 2008 var kr. 902.517 i tillegg kommer 10,6 % arbeidsgiveravgift. Pensjonsavtalen gir medlemmer av ordningen rett til en pensjon, inklusiv pensjon fra folketrygden, ved oppnådd pensjonsalder som svarer til 66% av lønn før fratredelse.

Note 12 Lønnskostnader, antall ansatte, godtgjørelse, lån til ansatte m.m.

Ved NVIM har det vært utført 18 årsverk i 2008.

Lønnskostnader	2008	2007
Lønninger	6.497.179	6.015.486
Arbeidsgiveravgift	805.058	725.535
Pensjonskostnader	902.517	730.033
<u>Annen godtgjørelse</u>	<u>151.964</u>	<u>142.515</u>
Sum	8.356.719	7.613.569

Ytelser til ledende personer	Direktør	Styret
Lønninger	514.659	22.700
Pensjonskostnader	106.182	
<u>Annen godtgjørelse</u>	<u>6.166</u>	
Sum	627.007	22.700

Revisor:

Kostnadsført revisjonshonorar for 2008 utgjør kr. 27.840.

Note 13 Annen kortsiktig gjeld

Annen kortsiktig gjeld utgjør avsetning for påløpte kostnader som strøm mv.

Note 14 Årets resultat disponering

Dekket fra annen egenkapital	-86.940
Overført fra vedlikeholdsfond	-237.983
<u>Overført fond APS senter</u>	<u>284.814</u>
Sum årets underskudd	-40.109